




KVINNHERAD  
K O M M U N E

# Aktiv dagtid

For deg som treng hjelp og støtte til aktivitet på dagtid





## Kva er Aktiv dagsid

Dagaktivitetstilboda i Kvinnherad kommune er organisert i eining for Aktivitet og rehabilitering. Dei er sosiale møtestader med fokus på fysisk aktivitet, friluftsliv, kultur og hobby aktivitetar for vaksne personar som treng eit sosialt fellesskap og som gjerne ikkje finn seg til rette i ordinære tilbod. Det kan vere at du har eit lite sosialt nettverk, treng eit trygt og stabilt miljø, har endring i livssituasjon eller helse, er arbeidsledige eller sjukemeld. Her er vi alle ilag utan å ha fokus på diagnosar eller utfordringar. Tilbodet er lågterskel og utan krav til søkerad eller vedtak om tenester, men ein må vere i stand til å klare seg sjølv med daglege gjeremål.

Dersom nokon har lyst å nytte seg av eit dagaktivitetstilbod, kan ein ta kontakt direkte, eller ein kan be nokon i hjelpeapparatet om å ta kontakt for seg. Dersom ein ynskjer ein individuell samtale eller å sjå lokaliteten utan at andre er tilstades, kan ein ta kontakt så hjelper vi til med det.

All denne informasjonen og meir til er å finne på Kvinnherad kommune sine nettsider.





KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Vangstova aktivitetshus

Tlf. 468 09 158

Rosendalstunet - Nesvegen 51  
5470 Rosendal

Tilsette

Roy Arne Evensen og Lina Storegjerde

Ope tysdag til fredag

På Vangstova har vi faste turdagar og samarbeid med Frisklivssentralen om fysisk aktivitet i grupper. Det er hobbyaktivitet slik som handarbeid etter den enkelte sine ynskjer. I sesong er det planting i grønnsakskassar og liknande. Kaffien er alltid klar og vi har ofte felles lunsj for alle som treng møtast i trygge og gode omgjevnadar.



Sitjegrupper til samtaler og hobbyaktivitet



Treningsrom med faste aktivitetar



Friske omgjevnadar i nærmiljøet



KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Fatland aktivitetshus

Tlf. 416 87 590

Strondavegen 722  
5458 Arnavik

Tilsette


Ole Henrik Horn, Ingunn Horn og Anne-Tone Eide

Ope onsdag og torsdag

Av aktivitet er det opp til den enkelte kva ein ynskjer å drive med. Det er fast aktivitet i snikkarverkstaden med produksjon av benkar, stolar og bord blomsterkassar og liknande, fast turdag og fleire som driv med handarbeid som strikking, maling, keramikk og anna. Det er berre fantasien som set grenser. Sosialt fellesskap i trygge omgjevnader.



Godt utstyrt verkstad til ulikt trearbeid



Uteområde i friske omgjevnadar



Sitjegruppe til samtalar og handarbeid



Resultat av hobbyaktivitet laga på staden



KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Møteplassen Aksen

Tlf. 489 57 666  
Sentrumsvegen 27  
5460 Husnes

Tilsette  
Veronica Johannessen og Line Handeland

Ope måndag til fredag

Ein god del av aktiviteten her er handarbeid av ulike slag. I tillegg er det faste turdagar, samarbeid med Frisklivssentralen om trening og samarbeid med Retro butikken. Vi er tilgjengeleg som eit trygt og godt sosialt fellesskap med høve for ein kopp kaffi og gjerne noko å bita i.



Sentralt plassert i Husnes sentrum



Hobbyaktivitet laga på staden



Sitjegrupper for samtalar og hobbyaktivitet



KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Frisklivssentralen

Dagaktivitetstilboda har tett samarbeid med Frisklivssentralen i Kvinnherad om hjelp og støtte til enkeltpersonar og grupper som ynskjer å komme i gang med fysisk aktivitet, kosthaldsendring eller anna endring av livsstil.

Kontakt:

Martha Teigen Varanes tlf. 992 02 347





KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Aktiv Fritid


Aktiv Fritid kan hjelpe deg med å kome i kontakt med tilboda om du sjølv er usikker eller på anna måte treng hjelp og støtte til å etablere kontakt.

Kontakt:

Ingvild Marie Hilde tlf. 953 01 132

Rita Handeland tlf. 909 90 861





# KVINNHERAD KOMMUNE

*fellesskap og trivsel - utvikling og vekst*